

## Skjemainformasjon

Skjema	Søknadskjema ABM-utvikling (nynorsk)
Referanse	291430
Innsendt	15.10.2009 12:23:25

## Opplysningar om søkjar

Søkjar	
Namn på organisasjonen	Gloppen folkebibliotek
Leiar for institusjonen	Torill Berge
Postadresse	Firdavg 21,
Postnummer / Poststad	6823 Sandane
Tlf. til organisasjonen	57883990
Kontaktperson for prosjektet	Torill Berge
Tlf. til kontaktperson	57883990
E-post til kontaktperson	torill.berge@gloppen.kommune.no
Nettstad	<a href="http://gloppen.folkebibl.no">http://gloppen.folkebibl.no</a>
Org. Nr	

## Opplysningar om prosjektet

Prosjekt	
Søknaden gjeld	Møteplassar for kunnskaps- og kulturformidling
<input type="checkbox"/>	vektlegg dialog, brukarmedverknad og sosiale teknologiar
<input type="checkbox"/>	stiller spørsmål og sporar til debatt
<input type="checkbox"/>	legg til rette for kulturmøte

Tittel på prosjektet	Undrande møte
----------------------	---------------

### Samandrag av prosjektet

Med utgangspunkt i eventyr og folkemusikk vil vi engasjere barn i skule og barnehage på ulike måtar.

Prosjektet har ulike deler som til dels vil foregå parallellt:

1)Produksjon og gjennomføring av "møter" med skular og barnehagar i Gloppen og omkringliggende kommunar

2)Produksjon av scenisk forestilling

3)Framsying under Gloppen Musikkfest, august 2010

4)Framsying og forprosjekt på turné til andre festivalar og kommunar

Denne søknaden gjeld arbeidet som skal gjennomførast under del1.

### Prosjektomtale

#### Forhistorie:

Gloppen folkebibliotek og Gloppen Musikkfest har gjennom dei siste åra samarbeid tett om to prosjekt knytt opp til Gloppen Musikkfest. GMF er ein festival med fokus på kammermusikk,- men har også hatt stort rom for litteraur og møte med forfattarar i ulike sjangarar. Festivalen går av stabelen i Gloppen i august kvart år.

I 2008 sette Gloppen musikkfest opp ein barneopera basert på Roald Dahls bok Heksene. Operaen var eit bestillingsverk fra musikkfesten. Ole Paus skreiv librettoen (tekst) og Marcus Paus komponerte. I halvåret før festivalen vart det lest og arbeid med boka rundt i skular og heimar - og boka vart årets mest lånte bok på biblioteket. Arbeidet resulterte i fantastiske hekser som vi stilte ut i biblioteket og andre lokaler i nærmiljøet sommaren 2008, fram til operaforestillinga. Salen var fullsatt av forventningsfulle små og store som hadde eit nært kjennskap til karakterane og historia på førehand.

I 2009 var barne-og familiefeststillinga ein folkemusikk og folkedansinspirert oppsetjing av Antoine de Saint-Exupéry sin bok "Den lille prinsen". Også i år samarbeidde bibliotek og festival om eit forprosjektet retta mot grunnskule og barnehagar. Synlege resultat vart utstilling og eit publikum som var godt førebudd då festivalen kom.

For eit mindre bibliotek som vårt, har dette samarbeidet betydd svært mykje, det har m.a.gitt barnebibliotekaren høve til tett og utviklande samarbeid med andre, f. eks. ein musikal, forteljar og musikkterapeut i Gloppen musikkfest. Det har vitalisert bibliotekslokalet som opplevingsstad med utstillingar, og styrka formidlingsarbeidet. Synleggjering andre stadar (som hekser og bok i sportsbutikk), har og vore ein fin gevinst. Det positive samarbeidet opna dørene til meir festivalsamarbeid: I 2009 hadde festivalen 2 flotte arrangement i biblioteket, og biblioteket oppretta ei festivalsamling med festivalartistar sine CD produksjonar.

#### Delprosjekt "Undrande møte" 2010

For festivalen i 2010 har GMF spurt Gro Marie Svidal (sjå vedlegg) om å vere produsent for ein nyskriven familiefeststilling, og bibliotek og festival vil fortsetje samarbeidet. Produksjonen vil ha munnleg forteljing og eventyr som utgangspunkt. Vi ser at forteljingane og eventyra har ei særleg evne til å knyte menneske saman, setje oss i ein heilskap, opne for refleksjon og lærdom, undring og begeistring. Oppleving av eit slikt fellesskap finn stad både når ein lyttar til forteljingar og eventyr, og når vi tek dei i bruk sjølve.

Prosjektet tek sikte på å få borna til ta i bruk forteljingar, skape og fortelje i enkel form, illustrere dei forteljingane/eventyra vi skal ha med i framsyninga, og lage arbeid til utstilling. Gjennom arbeid med forteljing i skule og barnehage, får borna mellom anna:

- trening i å lytte til andre, undre seg og ta inn over seg andre sine forteljingar og dele kunnskap.
- aukar evna til å formulere seg munnleg. Dette kan overførast til andre situasjonar som diskusjonar, forhandlingar og diplomati.

Ved å arbeide med musikken, ynskjer vi å setje fokus på rørsle og opplevingar, assosiasjonar og bilde som borna kan lage forteljingar og eventyr av. Motsett kan forteljinga og eventyret inspirere borna til å lage musikk, improvisere musikk og rørsle.

I framsyninga i august vil vi forsterke dei undrande møta og dei store opplevingane med musikk. Dette ynskjer vi også å kunne flette inn i forprosjektet, - og dette er noko av bakgrunnen for samarbeidet med musikkfesten - som har utøvarar som kan supplere forteljingane undervegs.

Vi har altså høsta erfaringar frå to prosjekt, men ser at vi treng andre rammer om vi skal klare å nå alle skulane og barnehagane. Arbeidet dei to foregåande åra var litt "stunt"-prega, og dugnadsbasert. No ynskjer ein å få til betre kår for samarbeidet, systematisere, vidareutvikle og skape nye møter mellom barn - litteratur- musikk - scenekunst, både med barns eiga deltaking i små, trygge omgjevnader, og i den store sceneframsyninga.

Vi har og eit ynskje om å formalisere og dokumentere prosjektet på ein måte som gjer at det kan fylgje framsyninga til andre bibliotek og andre arenaer som "Dei nynorske festspela", "Osa-festivalen" og andre festivalar musikkfesten er i dialog med om neste års oppsteiging.

Heile prosjektet er altså firedelt. I del 1) som denne søknaden omfattar, vil personale fra biblioteket i samarbeid med folk fra Gloppen Musikkfest møte barn fra skular og barnehagar i Gloppen. Ein vil leggje til rette for at barna skal ta i bruk forteljingar og fortelje sjølve i enkel form, illustrere dei forteljingane/eventyra ein har arbeidd med, og ein tek sikte på at dette vil munne ut i utstillingar i bibliotek og lokalmiljøet. Det er også naturleg å la barna fokusere på musikk og rørsle, då framsyninga (del 3) skal ha sterkt innslag av dette.

I tekstskaping og dokumentasjon vil ein nytte sosiale medier som t.d. Wiki.

I delprosjektet "Undrande møte" vil forestilling/tekstskaping produserast parallelt, noko som gir muligheter for å flette barna sitt materiale inn i den ferdige framsyninga.

Målet er at barna i forkant av framsyninga får ei god kulturoppleving og møte med stoffet, samt at dei er godt budde til framsyninga. På denne måten trur vi og at vi legg eit godt grunnlag for at barna søker seg til ulike kulturarenaer. Under Gloppen musikkfest i august 2010 skal framsyninga ha premiere. Utover hausten 2010 og våren 2011 vil førearbeid og framsyning bli nytta under andre festivalar og i andre distrikt. Det forprosjektet vi gjer i Gloppen er tenkt å fylgje produksjonen,- altså at andre kommunar nyttar vår mal som forarbeid til den same teaterframsyninga. Biblioteket flytta i 2009 inn i nye lokaler i Trivselshagen, og vi ynskjer å fortsetje å tydeleggjere bibliotek som møtestad og arena for undring og oppleving, og også som samarbeidsaktør uavhengig av fysisk lokale.

## Framdriftsplan

Framdriftsplan for heile prosjektperioden

Startdato	01.01.2010
Sluttdato	31.08.2010

Aktivitetplaner

Tittel	Frå dato	Til dato
Planlegging, oppstart	01.01.2010	01.02.2010
Oppstartsmøte m skular/ barnehagar	01.02.2010	01.03.2010
Besøk av /i skular og barnehagar	01.03.2010	01.06.2010
Sjøstendig arbeid i skular/bhg	01.03.2010	01.06.2010
Presentasjon av arb/utstilling i bibl/lokalmiljø	15.06.2010	31.08.2010
Utarbeiding av opplegg/dokumentasjon	01.01.2010	31.08.2010

Andre opplysningar/kommentarar om framdrifts-/aktivitetsplan.

## Samarbeidspartnarar

Har du ein samarbeidspartnar? Ja

Samarbeidspartner 1

Namn	Gloppen Musikkfest
Formell avtale?	Nei
Postadresse	Kongensgt 4
Postnr / Poststad	0153 Oslo
Kontaktperson	Hanne B OFtedal
Tlf. til kontaktperson	95127546
E-post til kontaktperson	hannb-of@online.no
Rolle	Prosjektleder

## Prosjektbudsjett

Prosjekt

Eittårig eller fleirårig prosjekt? Eittårig

### BUDSJETT FOR FØRSTE ÅR

#### Utgifter

Hva	Beskrivelse	Sum
Personalkostnader (lønn/overhead)	Løn formidlarar, adm., sos. utg/overhead	kr 95 000,00
Varer/utstyr	div. kontor/ rekvisita til gjennomføring	kr 5 000,00
Tjenester kjøpt av andre	lønskostnader musiker/forteljar/produsent	kr 50 000,00
Andre utgifter (spesifiser)	reise, diett,	kr 10 000,00
<b>Totale utgifter</b>		<b>kr 160 000,00</b>

#### Inntekter

Beskrivelse	Tilskudd bekreftet?	Sum
<u>Søknadssum ABM-utvikling</u>		<u>kr 80 000,00</u>
Eigendel Gloppen kommune	Ja	kr 50 000,00
Eigendel Stiftinga Gloppen musikkfest	Ja	kr 30 000,00
<b>Totale inntekter</b>		<b>kr 160 000,00</b>

## Vedlegg

- abm-søknad.doc, vedlegg.doc
- Vedlegg Hanne.doc